

Usamde om veg oppe i lia

SIGBJØRN LINGA

På eit dialogmøte om kommunedelplanen for Kvamskogen 20. oktober hevda leiar Erik Bjerring Hansen i Kvamskogen Vel at symbola for den føreslegne livegen er feil fleire stader. Ein del av vegen er definert som «noverande», mellom anna sør for Måvotni.

- Men her finst ingen eksisterande veg. Kartet er difor misvisande og er berre eigna til i leia politikarane på galen veg i si vurdering av livegen, meiner han.

Plansjef Vidar Østerbø seier Bjerring Hansen har rett i at det ikkje finst nokon veg, berre ei skiløype, rett sør for Måvotni. Konsulent Kjell Olve Hjelmeland i Norconsult stadfestar dette, men seier valet er gjort medvite.

- Grunngevinga er å slå fast om vegen var innarbeidd som friluftstrase eller ikkje. Som skiløyper har dei vinterfunksjonen for ein liveg, nemleg skiløype. Me har vore opptekne av at naboar og grunneigarar skal sjå kor det er snakk om ein ny trase. Eg ser at omgrepsvalet ikkje treffer så godt for dei som vurderer ein liveg som naturinngrep, seir Hjelmeland.

Erik Bjerring Hansen krev at plankartet vert endra og symbolbruken betre differensiert.

Hjelmeland trur mange oppfattar livegen, som er føreslegen 2,5 meter brei og grusa, er eit større inngrep enn han faktisk er. Kanskje kan han vera berre to meter, men tanken er at to personar på ski eller sykkel skal kunna passera kvarandre enkelt.

Bjerring Hansen meiner Hjelmeland bagatelliserer vegen storleik og standard.



Ikkje berre pengar

Leiaren i Kvamskogen Vel, Erik Bjerring Hansen (biletet), tykkjer det får vera måte på planar.

Han meiner kvemmingane må hugsa at naturen er viktig for svært mange.

- Kvamskogen meir enn næring

Erik Bjerring Hansen i Kvamskogen Vel meiner kvemmingane må forstå at Kvamskogen ikkje berre er ei mjølkeku.

SIGBJØRN LINGA

Bjerring Hansen er leiar i organisasjonen som talar på vegner av om lag 600 brukarar og eigarar på Kvamskogen. Dei fleste er bergensarar.

I prinsippet kunne grunneigarar ha vore medlemmer i Kvamskogen Vel. I praksis er berre hytteeigarar og turgåarar med. Truleg er det lenge til grunneigarane melder seg inn. Interessekonfliktane er sterke.



Erik Bjerring Hansen ved hytta si ved Måvotni. Han meiner grøne verdier må få leva på Skogen.

-Tøft

- Kampen om planen vert tøff. Saka har to leirar. På den eine sida sit me som er opptekne av Kvamskogen som friluft- og turområde. På den andre sit grunneigarane og politikarane, som berre ser Kvamskogen som eit næringsområde som må utbyggjast og utviklast, seier han.

Bjerring Hansen seier grunneigarane i Kvam feilaktig gjev uttrykk for at det vert sveltihjel utan Kvamskogen. Han seier administrasjonen i Kvam herad gjer ein grundig jobb i mange Kvamskogen-saker. Men i den politiske handsaminga rår berre pengane. Av velvilje går dei imot rådmannen og dispenserer altfor ofte, meiner han.

Kritikk

Bjerring Hansen oppsummerer kritikken mot planframlegget slik:

- Det er uheldig å opna for svært store hytter med tanke på mellom anna estetikk og arealressursar.
 - 120-130 kvadratmeter er nok. Vil folk ha palass, får dei byggja andre stader, seier han.
 - Framlegget opnar for altfor mange hytter. Kring 2.500 hytter totalt er nok.
 - Grensa vert overskriden. Tenk på kor mange menneske som kjem i utfartsperiodar. Finn nye hytteområde andre stader, seier han.
- Det er feil at planen tek vesentlege omsyn til dei «grøne». Spesielt gale er det å plassera hytteområde i utkanten av område som har stort biologisk mangfald i grønstrukturanalysen. Kvamskogen Vel krev at mellom andre hytteområda søraust for Kvamsseter, i utkanten av Måvotsheii, går ut.
- Me må ta vare på store, samanhengjande område som ikkje er utbygde, seier han.

For høgt

- Eit hyttefelt nord for Måvotni går opp til kote 625. Det er for høgt. Så høgt i terrenget er det så lite vegetasjon at hyttene vert svært synlege. Dessutan er området vanskeleg tilgjengeleg, ikkje minst sidan vegane over livegen' ikkje skal vera vinterbrøytt, trur han.
- Livegen vert eit altfor stort inngrep, mellom anna fordi han skal brukast til anleggsveg i byggjeperioden. Kvamskogen Vel fryktar at vegen kjem til å verta anleggsveg for alltid.
 - Vegen går gjennom verdfulle myrar og vert skjemma. Det er betre å utvikla det stisystemet som allereie finst og laga ein mindre veg, meiner Kvamskogen Vel.
 - Nye hytter bor i hovudsak koma nær riksvegen, der friluftskvalitetane allereie er øydelagde. Livegen legg opp til parkeringsplassar høgt i terrenget. Dei bør liggja lågt. Haldninga til veg til hyttene bør vera svært restriktiv, seier han.

- Kvifor skal me vera ulike alle andre ?


Kvamskogen næringslag er samd med Kvamskogen Vel i at «livegen» må bort. Elles er dei stort sett usamde.

SIGBJØRN LINGA

Næringslaget ser for seg giganthytter med veg til døra og tilhøyrande garasjar og gjestehus.

- Det er flott, sa leiar Rolf Brynjulf Bergesen på eit dialogmøte om kommunedelplanen i Kvam kino 20. oktober, og synte bilete frå sitt paradisi: Kikut. Næringslaget ser Kvamskogen som eit stort sett urørt område.

- Næringslaget har bede om at det meste av Kvamskogen vert avsett til eitt stort byggeområde. Omsyn til grønne verdiar kjem på reguleringsplannivå. Rådmannen gjekk ikkje med på ei slik forenkling.



Grunneigar og entreprenør Alf Steine (til venstre) og leiar Rolf B. Bergesen i Kvamskogen næringslag er spente på kva politikarane og rådmann Knut Terje Rekve (til høgre) vil tillata.

Kritikk

Næringslaget har, som Kvamskogen Vel, fleire innvendingar til planframlegget:

- Livegen bør fjernast. Han er vanskeleg å realisera gjennom gamle hyttefelt. Dessutan vil han skapa eit «A- og B-Kvamskogen». I A-området er det veg til hyttene. I B-området får ingen veg til døra. Dei fleste vil køyra til hyttene.
 - Ingen andre kommunar har ei slik deling. Hytteområde utan veg er lite attraktive. Får dei ikkje veg, reiser folk andre stader og kjøper tomt, sa Bergesen.
 - Ei lysløype på Kvamskogen bør gå langs eksisterande turløype gjennom dette hytteområde frå NAF Kro & Camping til Mødalen. Dermed kan hyttefolk som kjem til Kvamskogen seint fredag kveld, dra nytte av løypa.
 - Heradet er for oppteke av å verna silhuetten.
 - Kva ser du når du køyrer forbi i 80 kilometer i timen?
 - Planframlegget manglar fleire felt som låg inne i den førre planen frå 1990.
 - Næringslaget vil mellom anna krevja utbygging lengre ned mot Eikjedalsvatnet, meir fortetting av hytter og leilegheiter, større senterområde, eit stort utbyggingsområde for alpinanlegg og hytter i Byrkjefjell og planlegging av veg til sistnemnde.
- Næringslaget ber og heradet auka presset på Statens vegvesen for å få gang- og sykkelveg på Kvamskogen.

Støtte

Dei fleste frammøtte på dialogmøtet støtta Bergesen. Som Jan Neteland:

- Skal ein få til noko på Kvamskogen, må ein tenkja stort. Folk vil ha komfort som veg, vatn, kloakk, straum og breiband. Kvamskogen må ikkje avgrensast i tevinga med Myrkdalen, Fillefjell og andre hytteområde. Legg til rette for utvikling og bløming i næringslivet! sa han - til applaus frå entreprenørar og grunneigarar.
- Entreprenør Henrik Steine oppmoda heradet til å «satsa på hestar som er villige til å bruka hundretusenvis av kroner på reguleringsplanar».
- Ikkje stryk dei frå kartet. Sjå på dette som næringsutvikling, sa han.
- Alf Steine meiner Kvamskogen bør sjåast i samanheng med områda mot Sjusete. Han kallar livegen «det dummaste eg har høyrd» og ber kommuneplanleggjarane opna for langt større hytter.
- Svein Aarhus er skuffa over planframlegget fordi det opnar for altfor lita utbygging. Han meiner rådmannen har lagt altfor stor vekt på grønstrukturanalysen, som han kallar «hastverksarbeid». Sonen Georg meiner planen er altfor detaljert.

Kritiske røyster

Kvamskogen Vel, Gunnar Furre i Naturvernforbundet, Statens vegvesen og kvenning og hytteeigar Gullbjørg Nyre Knudsen hadde innvendingar mot næringslivets interesser.

- Spørsmålet er om målet er å byggja flest mogleg hytter eller å laga eit best mogleg hytteområde. Mitt ynskje er gode tilhøve for rekreasjon og friluftsliv. Ikkje alle vil ha veg til hytta og høg standard. Å samanlikna med Myrkdalen er heilt feil, sa Nyre Knudsen.
- Gunnar Furre i Naturvernforbundet har sans for planframlegget, men er kritisk til hytteområde i strid med grønstrukturanalysen. Nye hytter bør koma gjennom fortetting og nye område nær riksvegen.
- Statens vegvesen seier ei stor utbygging av Kvamskogen ikkje kan godkjennast før gang- og sykkelveg er på plass, og varsla rekkjefølgjekrav. Heradet bør allereie no leita etter pengar på kistebotten.
- Lengst gjekk kanskje styremedlem Berit Ellefsen i Kvamskogen Vel. Etter Bergesens visjonstale kom ho med følgjande utbrot:
 - Kvamskogen vert jo ein by med den strukturen de legg opp til, med masse vegar, bilar og lys.